



## Kommunereforma – regional ressursgruppe

### Møtereferat

Møtestad: Fylkesmannen i Rogaland

Tidspunkt: 30. september 2015 13.00-15.00

Medlemmer/deltaking:

|                        |   |
|------------------------|---|
| Fylkesmannen           | Magnhild M. Kleppa, Harald Thune, Lone M. Solheim, Anfinn Rosnes, John Gunnar Skien |
| KS                     | Frode M. Ingvaldstad, Magne Fjell   |
| Jærrådet               | Reinert Kverneland  |
| Regionråd Dalane       | Torbjørn Ognedal  |
| Ryfylkerådet           | Helge Steinsvåg   |
| Haugaland vekst        | Aase Simonsen   |
| Rogaland fylkeskommune | Kristin Dybdal Holthe   |
| Sandnes kommune        | Stanley Wirak   |
| Stavanger kommune      | Bjørg Tysdal Moe, Gunn Jorunn Aasland   |
| Distriktsenteret       | Birte K. Fossheim   |
| NHO                    | Tormod Andreassen   |
| LO                     | Øystein Hansen  |
| IRIS                   | Einar Leknes  |

Møteleiar: Magnhild

Møtet starta med ei kort innleiing frå Fylkesmannen (FM). Det blei vist til den nye situasjonen i fylket, både i kommunar og på fylkesnivå, etter valet. Det har resultert i at vi får 15 nye ordførarar i fylket. FM har uendra oppdrag når det gjeld arbeidet med kommunereforma, og planlagde arrangement går som avtalt.

#### 1. Informasjon om Fylkesmannen sitt arbeid v/Anfinn Rosnes

Det blei orientert om status for arbeidet med reforma, og litt om status i kommunane. FM har send eit statusbrev til alle kommunar datert 24.08.2015, med fokus på involvering i den avsluttande prosessen. Det er nyleg lagt ut informasjon om status i kommunane pr. september 2015, det er gjort nye vedtak i mange kommunar etter oppdateringa i juni. KS og FM arrangerte ei fagsamling 27. august, med gode tilbakemeldingar. Deltakane fekk m.a. nyttig informasjon om prosessen fram mot nye Sandefjord kommune. FM har, som avtalt i møte 20. mai, planlagt og annonser ny storsamling den 28. oktober. Viktig at nye politikarar melder seg på dette. Det blei elles vist til ein del arrangement som var i tilknyting

til valet, og til FM sitt nettoppslag om at det nå hastar med å komme vidare ute i kommunane. Aktuell informasjon ligg på FM si nettside.

## 2. Kva skjer på regionalt nivå v/Kristin Dybdal Holthe

Fylkeskommunen var utfordra til å informere om oppfølging på regionalt nivå, etter brevet frå statsråd Sanner datert 2. juni 2015 om naboprat også på regionalt nivå. Holthe opplyste at det er gjort lite med dette utanom ein uformell naboprat med Vest-Agder, og det skjer ikkje noko meir før etter kontinuering av nytt fylkesting den 27. oktober. Det vil då bli teke initiativ til ein vidare prosess.

## 3. Ny demokratiretteiar v/Birte K Fossheim

Det blei informert kort om nytt verkty på [KMD si nettside](#) om demokrati. Dette er først og fremst retta mot dei kommunane som har tenkt å danne ny kommune, men kan også vere nyttig for fleire. Verktyet er nettbasert og skal vere lett å finne fram i, og er delt inn i tre hovudtema:

- Kva er eit demokrati?
- Politisk organisering
- Korleis involvere innbyggjarane?

Ein av filmane som ligg på nettsida blei vist. Er lagt ut eit eige debatthefte som kan nyttast i kommunane.

Elles blei det informert om at Distriktsenteret legg ut alle intensjonsavtalar som ligg føre på si nettside, noko som kan vere nyttig når mange kommunar står i dette arbeidet.

## 4. Rapport frå kommunane om aktuelle nabopratarar v/representantane frå regionråd og kommunar

Kverneland orienterte om prosessen på Jæren (Klepp, Time, Hå) der nabopraten nå er i gang, med eit godt oppstartsmøte 29. september. Det blir laga ein stram framdriftsplan med 3-4 møte i styringsgruppa før jul, neste møte 19. oktober. Det er leigd inn ekstra hjelp (Tore Sirnes) i arbeidet, og blir truleg folkeavstemming den 25.04.2016. Er eit eige opplegg for involvering, og det vil vere aktiv bruk av nettside.

Simonsen orienterte kort om arbeidet på Karmøy og på Haugalandet. Er i desse dagar offentleggjort fleire resultat frå innbyggarundersøkinga på Karmøy, der det m.a. kjem fram at folk er meir opptekne av kvalitet på tenestene enn på avstand til tenester. Blir fleire folkemøte på Karmøy framover. Er eit samarbeid mellom Sveio, Haugesund, Karmøy og Tysvær, der rapporten frå Agenda Kaupang blir presentert på eit felles kommunestyremøte den 26. november. Mange politiske skifte i regionen gjer at dei vidare prosessane er litt uavklarte. FM opplyste at det har vore møte mellom Etne, Vindafjord, Sauda og Suldal. Blei elles vist til oversikta til FM.

Leknes etterlyste ein diskusjon om grensejustering, eksempelvis mellom Haugesund og Karmøy.

Steinsvåg opplyste om prosessen som har vore mellom Hjelmeland, Strand og Forsand. Det kan vere at det ikkje var tilstrekkelig tid til å gi ut tilstrekkeleg informasjon, eksempelvis når det gjeld innhaldet i framlegg til intensjonsavtale. Saka har stoppa opp etter utfallet av folkeavstemminga i Hjelmeland.

Ognedal kunne opplyse at det er lite nytt frå Dalane ut over at det er etablert ein dialog mellom Sokndal og Eigersund.

Wirak orienterte om prosessen i Sandnes. Det er gjort vedtak om å ikkje vurdere ny kommune saman med Stavanger, og at det ikkje blir teke eige initiativ til naboprat ut over eventuell prat med Gjesdal om grensejustering (Figgjo). Sandnes har ikkje sagt nei til ny kommunestruktur, og vil samstundes svare ja til invitasjon frå andre.

Tysdal Moe ga ei kort orientering om vedtak i Stavanger, og kunne opplyse at Sola kommune har signalisert at dei skal invitere til naboprat med fleire kommunar. Sola har også vedteke å gjennomføre ei innbyggarundersøking.

## **5. Prosess-samling 28. oktober**

FM opplyste om [annonsert samling 28. oktober](#), og inviterte til innspel til programmet. Det kom fram at programmet kunne vore noko annleis om vi hadde laga dette i dag, men det var semje om å gjennomføre i hovudsak ut frå det som er avtalt. Leknes kom med forslag om å legge inn noko om grensejustering, og det blei semje om å justere innslaget frå IRIS. Frå LO blei det uttrykt ønske om å ha involvering av tilsette som tema. Etter møtet er det avtalt at prosessen som skjer på Jæren blir ein del av programmet. Justert program blir lagt ut på FM si nettside.

FM minna om å marknadsføre samlinga, som har påmeldingsfrist **13. oktober**.

## **6. Open post**

Solheim orienterte om FM sin uttale til framlegg til endringar i inndelingslov og kommunelov, m.a. om Robek-status dersom endring i kommunestruktur. Uttale frå FM blir lagt ut på nettsida saman med referatet.

Plansjar brukt i møtet blir lagt ut på FM si nettside saman med referatet.

Neste møte blir **onsdag 27. januar 2016 kl 13.00-15.00**

*Anfinn Rosnes  
Referent*